# Kort utdrag av Soga til Uskedalen Meieri.

På eit møte som var halde i Uskedal Skulehus d. 8. nov. 1890 vart der vald ein komite på 5 mann som skulle gjera seg „bekjendt med Meierivesenet"

„Komiteen kalla saman til skipingsmøte d. 2 dec 1890. ca. 36 bønder hadde teigna seg som lemer. På møte vart det vedteke å skipa meieri. - Det fekk navnet Uskedalens meieri.

Meierimester Grude hadde skreve lover for laget. og desse vart einstemmig godtekne. Til rekneskapsførar vart vald P. B. Myklebust. Det fyrste styret var:

1. Torgeir Olsen Myklebust. med 23 st.
2. Torgeir Isaksen Dåssland " 22 "
3. Sjur Larsen Myklebust " 22 "
4. Berkel B. Myklebust " 21 "
5. Kristen H Dåssland " 21 "

Meieriet kom i gang d. 4. februar 1891 kl. 7 morgon. - Mjølkeprisen var fastset fyrst til 16 øre pr. 2 l. For mjølk levera tilbake til leverandørane var prisen 7 øre for skumma 6 øre for kjernemjøk og 3 øre for mysa alt pr. 2 liter. -

Det var smør, gamelost og prim

som vart loga. - Den fyrste meieriska var Johanna Løkre.

Styret var dei som leida drifti. Dei hadde ofte møte, men det var ikkje stor sak som var på programmet, før dei kalla saman medlemsmøte, eller „ekstra ordinær generalforsamling" som det heite. Det var låge prisar på smør den tidi. Dei prøvde å senda ymse stader. Ei tid var der sendt til England. - Der var ymse vanskar å få lagslemmene til å levera den mjølk dei skulle.

I 1895 var det framme spørsmål om å byggja hus for meieriet. Det vart då oppsett namnelista yver lemene i laget. Den viser i alt 51 (nr.) Navn. med 109 kyr. - På møte d. 15 januar vart desse vald til byggemenn Helge Hauge, Torgeir O. Myklebust og Torgeir T. Dørsland - Det vart ikkje noko av bygging. Meieriet leiga husrom heile tidi hjå Peder B. Myklebust.

I året 1896 hadde laget mykje vanskar. Dårlege smørprisar, og mange av lemene slutta å levera mjølki si. Styret gav opp håpet å halda meieriet i gong. På medlemsmøte d. 14 nov 1896 vart det vedteke å avvikla meieriet.